

## Ola Klyve Dalland

---

**Fra:** Ivar Bergsvik <ivar.bergsvik@gmail.com >  
**Sendt:** 12. mars 2015 13:30  
**Til:** Offentlig Ettersyn ABO-ARK  
**Emne:** UTVIDING AV PLANOMRÅDET - GANG OG SYKKELVEG LANGS FYLKESVEG 565 AUSTRHEIMVEGEN

ABO Plan & Arkitektur AS  
Postboks 291  
5203 Os

Austrheim eldreråd ser svært positivt på at det vert lagt til rette for gang- og sykkelveg langs fylkesveg 565 Austrheimvegen i samband med Johan Sverdrup oljerørleidning frå Bergsvikhamn til Mongstad.

Av kartet som er vedlagt brevet frå dykk 27.02.20125 er det litt vanskeleg å sjå omfanget av den planlagte gang- og sykkelvegen.

Austrheim eldreråd har forstått det slik at den gamle bureisingsvegen til Hoplandsmarka skal forlengjast som anleggsveg fram til fylkesveg 565. Om dette er rett, så hadde det vore svært bra om gang- og sykkelvegen hadde starta der denne anleggsvegen kryssar fylkesvegen og kunne gå heilt til kyrkja på Austrheim.

Dette har samanheng med at Austrheim eldreråd tidlegare har kome med innspel om å nytta anleggsvegen langs oljerørleidningstraseen til universell turveg. Då ville ein fått ein universell turveg / gang- og sykkelveg heilt frå der traseen for oljerørleidningen kryssar Hoplandsvegen, inn til Førlandsvågen og tilbake til kyrkja på Austrheim.

Helsing

Ivar Bergsvik  
Leiar i Austrheim eldreråd.